

058

FISKERIDIREKTORATET  
BIBLIOTEKET

17 JUNI 1993

NÆRINGSKONTORET I ASKVOLL  
FISKERIRETTLEIAR - LANDBRUKSKONTOR - NÆRINGSKONSULENT

St  
RgV  
ETV  
Fdv  
JELV  
Jhfo  
Bibl

ÅRSMELDING FOR  
FISKERIRETTLEIAREN  
I ASKVOLL, FJALER  
OG HYLLESTAD  
1991

## EI ORIENTERING OM KOMMUNANE

Fiskerirettleiaren har tidlegare fungert særskilt for kommunane Askvoll og Hyllestad. Fjaler hadde då felles fiskerinemnd med Naustdal og Førde.

På grunn av ei samanslåing av Hyllestad og Fjaler til ei felles fiskerinemnd, med Fiskerirettleiaren som sekretær, vart arbeidet som Fiskerirettleiar i praksis gjeldande til å omfatte desse tre kommunane.

### **ASKVOLL KOMMUNE**

Askvoll kommune er ei typisk kystkommune i Sogn og Fjordane. Folketalet var 01.04.91 3541 innbyggjarar.

Det var i desember 1991 5 % arbeidsledige av ein arbeidsstyrke rekna til å vere 1656 personar.

Askvoll kommune fekk utarbeidd og vedteken ein strategisk næringsplan i 1991 for mellom anna å skape ei betre ressursutnytting. Eit av innsatsområda i den strategiske næringsplanen, er fiskeri og havbruk. Som del-strategiar i dette innsatsområdet har kommunen sett opp følgjande:

1. Heving av kompetansen hos fiskarane/oppdrettarane.
2. Trygge lokalitetar til eksisterande oppdrettsanlegg og om mogleg leggje forholda til rette for nyetableringar.
3. Utvikle rådgjevingstenesta for den einskilde fiskaren.

Askvoll har eit flateinnhald på ca. 276 km<sup>2</sup> og er ei kommune dominert av fjell, jordbruksområde og livskraftige øysamfunn. Ein tredjepart av innbyggjarane i Askvoll bur på nokre av dei 870 øyane i kommunen.

### **HYLLESTAD KOMMUNE**

Hyllestad vert som Askvoll geografisk å rekna for ei kystkommune, men dei heilt typiske kystområda med øyer og skjær er begrensa til den nordvestlege delen av kommunen. Hyllestad er den største oppdrettskommunen i volum og tal konsesjonar av dei 3 kommunane denne stillinga omfattar.

Kystlina langs fastlandet i Hyllestad er 118 km lang og kommunen har eit flateinnhald på ca. 260 km<sup>2</sup>.

Folketalet i Hyllestad pr. 01.01.91 var 1733 personar. Talet på innbyggjarar har gått jamt nedover sidan midten av 1980-åra. Hyllestad har eit dramatisk kvinneunderskot, og i aldersgruppa 20-29 år er det registrert 45 % meir menn enn kvinner.

Hyllestad utarbeidde og vedtok 16.12.91 ein kommuneplan for åra 1992 til 1995. Denne planen skal gi rettleiing for sektorane si planlegging og for forvaltninga av areal og naturressursar.

## **FJALER KOMMUNE**

Fjaler strekkjer seg ut mot kysten langs sørsida av Dalsfjorden mellom Askvoll og Hyllestad. Det er ei kommune med variert natur og næringsliv som satsar på å marknadsføre seg som kulturkommune nr. 1 i Sunnfjord. Fjaler har oppfostra kjende kulturpersonar som til eksempel Jakob Sande.

Det er ca. 3000 innbyggjarar i Fjaler som har fleire fiskebåtar og aktive fiskarar enn Hyllestad. Fiske har også tradisjonelt vore relativt viktig i næringssamheng sjølv om Fjaler ikkje kan reknast som ei typisk fiskerikommune.

På oppdrettsida fekk Fjaler tilførd 3 matfiskkonsesjonar frå Askvoll etter kommunereguleringa i 1990. Dei fleste oppdrettsanlegga i Fjaler ligg på sørsida av Dalsfjorden og ut mot kysten.



## SAMANDRAG

Fiskerirettleiaren ynskjer å få opplyse innleiingsvis om at dette er ei svært enkel og avkorta årsmelding av den grunn at underteikna først tiltrådde i stillinga i februar 1992.

Det har ikkje vore fast tilsett Fiskerirettleiar i Askvoll sidan august 1990. Dei delane av årsmeldinga som går på utviklingstrekk, nyheiter, interessante hendingar og ulike objektive vurderingar er difor ikkje tekne med.

### SYSSELSETJING I NÆRINGA:

**Nøkkeltal frå fiskarmanntalet pr. 31.12.92.** Fiskarar fordelt på kommunane:

ALDER I ÅR:	ASKVOLL		FJALER		HYLLESTAD	
	A	B	A	B	A	B
15-19	0	6	0	3	0	1
20-29	2	44	2	12	0	1
30-39	1	34	0	1	0	1
40-49	3	24	1	2	0	3
50-59	4	27	2	1	0	0
60-66	2	14	1	1	1	1
67-69	3	6	0	0	0	0
Meir enn 70	25	7	1	0	5	0
Totalt blad A	40		7		6	
Totalt blad B		162		20		7
Samanlagt A og B		202		27		13

Fig. 1

Som ein kan sjå ut frå statistikken ovanfor er det fleirtalet av dei yrkesaktive fiskarane (blad B) i Askvoll og Fjaler i alderen 20 til 30 år. Dette kan tyda på ei viss rekruttering i dette yrket. Hadde det vore låg rekruttering ville vi truleg få ei hovudgruppe med høgare alder.

I Hyllestad er det svært få som kan reknast som fiskarar på heiltid.

### **Syssetjing i fiskeindustrien:**

#### **ASKVOLL**

	Årsverk
Bulandet Fryseri K/S A/S	8
Nikøy A/S, Bulandet	0,5
Tviberg fiskemottak, Atløy	3
Nils Sund, Flokenes	6
Totalt antal syssette:	<u>17,5</u>

**FJALER**

Fure Edelfisk, Grytøyra  
 Totalt tal sysselsette:

Årsverk  
2,5  
2,5

I Hyllestad var det i 1991 som tidlegare nemnt ingen registrerte fiskemottak.

**Sysselsette i havbruksnæringa:**

Fiskerirettleiaren har ikkje fått høve til å innhente opplysningar om sysselsetjing frå kvart enkelt anlegg. Sysselsetjinga er difor her basert på ein landsgjennomsnittleg omrekningsfaktor. Tala vert difor omtrentlege.

**Gjennomsnittlege årsverk pr. anlegg:**

Matfisk: 3,5 årsverk pr. anlegg.

Setjefisk: 3,9 årsverk pr. anlegg.

Avleia/indirekte verksemd: 2 årsverk pr. årsverk.

Kommune	Ant. anlegg	Årsverk	Ind. virk.
ASKVOLL	6 matf.	21	42
FJALER	5 matf.+1 smolt	21,4	42,8
HYLLESTAD	6 matf.+5 smolt	40,5	81
Til saman		82,9	165,8

Tala for indirekte verksemd gir eit svært omtrentleg tal basert på eit snitt for heile fylket.

**FISKEFLÅTEN:**

Nøkkeltal frå merkeregisteret pr. 31.12.91:

Lengde i meter	ASKVOLL	FJALER	HYLLESTAD
0,0 - 4,9	6	1	0
5,0 - 9,9	157	11	6
10,0 - 14,9	13	3	1
15,0 - 19,9	5	0	0
20,0 - 24,9	3	0	0
25,0 - 29,9	0	0	0
30,0 - 34,9	1	0	0
35,0 - 39,9	1	0	0
40,0 - 44,9	0	0	0
45,0 - 49,9	0	0	0
50,0 og over	0	0	0
Totalt	186	15	7

Fig. 2

Fartøy med kvote for fiske etter torsk nord for 62 gr.n.br.

	KVOTE
SF-6-A "SJØVÆR", Bulandet	149,8 tonn
SF-23-A "STORØY", Stongfjorden	22,3 tonn
SF-147-A "BUEFJORD", Bulandet	64,8 tonn
SF-300-A "GOLDEN DOLLAR"	89,3 tonn
SF-333-A "TJELLNES"	<u>58,3 tonn</u>
Til saman	<u>384,5 tonn</u>

Fartøy over 13 meter. Grov oversikt over fiskeriaktivitetar i 1991.

SF-6-A "SJØVÆR" - Autoline fiske. Einaste havgåande linebåt i Askvoll.  
SF-97-A "BASTVIK" - Kystfiske.  
SF-50-A "VESTØY" - Kystnot. Fiske med not etter sild, makrell og sei.  
SF-97-A "VESTERVON" - Kystnot. Fiske med not etter sild, makrell og sei.  
SF-114-A "BUESTEIN" - Seld til Deknepollen, Måløy sommeren 1991.  
SF-132-A "ØYNING" - Vart kondemnert og senka sommeren 1991.  
SF-147-A "BUEFJORD" - Kystfiske med garn og not. Har torskekvote.  
SF-148-A "GRETA ELIN" - Fiske med not etter brisling.  
SF-210-A "HEGGØY JR." - Fiske med not etter brisling og kystfiske med garn og not etter sild, makrell og sei.  
SF-220-A "HILLERSØY" - Kystnot. Fiske med not etter sild, makrell og sei.  
SF-300-A "GOLDEN DOLLAR" - Kystnot. Fiske med not etter sild, makrell og sei. Har i tillegg torskekvote.  
SF-333-A "TJELLNES" - Kystfiske med garn, line og makrelldorging.

Det var i 1991 ingen merkeregistrerte båtar over 13 meter i Hyllestad og Fjaler.

### **FISKEINDUSTRIEN:**

Det var i 1991 ingen endringar i struktur og plassering på mottakssida frå tidlegare år.

#### **Foredlingsanlegg i Askvoll:**

##### **A/S Nikøy, Bulandet**

Fiskemottaket A/S Nikøy tok i mot fangstar frå lokale båtar. Det meste av fangsten vert isa i kasser og sendt til Bergen med fiskefrakteruta "ARNØYSTEIN".

##### **Tviberg Fiskemottak, Atløy**

På same måte som A/S Nikøy tok dei i mot fangstar frå mindre fiskebåtar i distriktet. Fisken vart isa i kassar og sendt til Bergen med "ARNØYSTEIN".

**Nils Sund, Flokenes**

Nils Sund sitt kombinerte lakseslakteri og fiskemottak på Flokenes var i drift på same måte som før. I tillegg til slakting av laks vart det også landa fisk frå lokale båtar. Både laks og anna fisk isa i kasser vert send med "ARNØYSTEIN".

**Bulandet Fryseri K/S A/S, Bulandet**

Tok i mot sild og levande sei for filéproduksjon.

Foredlingsanlegg i Fjaler:**Fure Edelfisk, Grytøyra**

Arbeidde mest med laks men tok også mot anna fisk frå lokale fiskebåtar/sjarkar. Fisken vart isa og send med "ARNØYSTEIN" til Bergen.

I Hyllestad var det i 1991 ingen foredlingsanlegg/mottak for fisk.

**RÅSTOFFSITUASJONEN/ILANDEFØRT KVANTUM:**

Totale leveringar for 1991 i tal frå Fiskeridirektoratet sitt statistikkontor. Tala er basert på opplysningar frå Vestnorges Fiskesalgslag. Kvantum i kg og verdi i kr.

	<b>ASKVOLL</b>		
<u>Fiskeslag:</u>	Ferskvekt	Rundvekt	Verdi
Kveite	1493	2016	52.451,-
Anna flyndre	3513	4222	36.492,-
Brosme	15790	22106	126.023,-
Anna torsk	13849	19389	200.658,-
Lysing	1718	2405	31.373,-
Lange	76423	106999	887.575,-
Blålange	7066	9893	62.120,-
Hyse	4002	5603	40.886,-
Sei	915165	1235473	3.232.880,-
Lyr	21715	28229	171.467,-
Kviting	221	309	1.418,-
Steinbit	398	657	4.009,-
Uer	3549	5855	23.235,-
Breiflabb	778	2178	32.277,-
Makrell	114764	114764	584.529,-
Håbrann	289	375	5.313,-
Pigghå	181669	236170	1.062.728,-
Skate/rokke	3823	3823	11.072,-
Krabbe	138002	138002	798.490,-
Hummer	598	598	55.990,-
Sjøkreps	390	390	15.132,-
Reke	<u>755</u>	<u>755</u>	<u>21.403,-</u>
 Totalt i tonn og kr.	 <u>1505,97</u>	 <u>1940,02</u>	 <u>7.457.521,-</u>

Totale leveringar for 1991 i tal frå Fiskeridirektoratet sitt statistikkontor. Tala er basert på opplysningar frå Vestnorges Fiskesalgslag. Kvantum i kg og verdi i kr.

### FJALER

<u>Fiskeslag:</u>	Ferskvekt	Rundvekt	Verdi
Kveite	17	23	679,-
Brosme	93	130	797,-
Annan torsk	156	218	1.965,-
Lysing	49	69	772,-
Lange	40	56	480,-
Hyse	50	70	545,-
Sei	68	92	453,-
Lyr	90	117	723,-
Uer	20	33	127,-
Breiflabb	13	36	550,-
Makrell	49770	49770	235.807,-
Pigghå	18819	24465	115.299,-
Skate/rokke	<u>10</u>	<u>10</u>	<u>30,-</u>
 Totalt i tonn og kr.	<u>69,20</u>	<u>75,08</u>	<u>358.227,-</u>

I Hyllestad vart det ikkje landa fisk i 1991.

Storparten av fisken i statistikkane ovanfor vart tekne med line og garn. Denne fisken gjekk med få unntak fersk og isa med frakteruta "Arnøystein" til Bergen. Seien som var levert i Askvoll blei i stor grad brukt til filetproduksjon ved bedrifta Bulandet Fryseri K/S A/S. Dette var notfanga og låssatt levandesei.

### HAVBRUKSNØRINGA:

Statistisk oversyn over tal matfiskkonsesjonar og plasseringa av disse.

	ASKVOLL	FJALER	HYLLESTAD
<u>Ant. anl.:</u>			
ved utg. -90	9 stk.	2 stk.	6 stk.
ved utg. -91	6 stk.	5 stk.	6 stk.
<u>Totalt volum m<sup>3</sup>:</u>			
31/12-90	108.000 m <sup>3</sup>	24.000 m <sup>3</sup>	72.000 m <sup>3</sup>
31/12-91	65.000 m <sup>3</sup>	60.000 m <sup>3</sup>	72.000 m <sup>3</sup>

Fig. 3 Kilde: Fiskeoppdretterenes Salgslag (FOS).

Endringane i Askvoll og Fjaler i antall anlegg frå -90 til -91 har si årsak i flyttinga av kommunegrensene i 1990. Ein del matfiskanlegg som tidlegare tilhørde Askvoll, blei då liggjande i Fjaler.

Statistisk oversikt over total produksjon av torsk, aure og laks fordelt på fiskeslag og verdi frå årsskiftet og fram til 30.09.91. Tala for resten av året er ikkje tilgjengeleg på grunn av konkursen i Fiskeoppdretterenes Salslag.

Total produksjon i kg.

	ASKVOLL	FJALER	HYLLESTAD
Laks :	1.721.102 kg.	223.492 kg.	1.291.012 kg.
Torsk:	1.363 kg.	0 kg.	0 kg.
Aure :	0 kg.	0 kg.	43.926 kg.

Fig. 4

Førstehandsverdi i kr.

	ASKVOLL	FJALER	HYLLESTAD
Laks :	51.037.428 kr.	6.145.670 kr	36.152.748 kr.
Torsk:	23.171 kr.	0 kr	0 kr.
Aure :	0 kr.	0 kr	1.034.444 kr.


Fig. 5 Kilde for begge tabellane: Fiskeoppdretterenes Salslag (FOS).

**NB!** Statistikken ovanfor er ikkje justert då 3 matfiskkonsesjonar etter reguleringa av kommunegrensene tilhøyrer Fjaler kommune. Tala for Askvoll i høve til Fjaler er difor ikkje heilt korrekte for 1991.

**Setjefisk/klekkeri:**

Det var ved utgangen av 1991, etter kommunereguleringa, ingen setjefiskanlegg i Askvoll. Fjaler hadde då eit større setjefiskanlegg som var i drift. I Hyllestad var det 5 setjefiskanlegg.

Næringskontoret i Askvoll 14.10.92  
Fiskerirettleiaren

  
Eivind Aarseth